


Budsjett 2023

Økonomiplan 2023-2026



Bjørnafjorden kommune



Innleiing	3
Oppvekst	4
Ungdomskonsulent	4
Kommunepsykolog	4
Barnevern	4
Manglande tiltak Bjørnafjorden 22	4
MOT i skulen	4
Ung arena	5
Holmefjord barnehage	5
Helse og omsorg	5
Psykisk helse og rus	5
Helsefremming og rehabilitering	5
Startlån	5
Samfunnsutvikling	6
Bemanning	6
Næringsssjef	6
Eiendom - drift - vedlikehold	6
Kultur	6
Snarvegar og gangvegar	6
Miljøloftet	6
BUA	7
Bølgebrytarar	7
Arealrekneskap	7
Driftsbudsjett	8
Eigedomsskatt	9
Investeringsbudsjett	10
IKT Oppvekst	10
Kommunetunet i Eikelandsosen	10
Klimabudsjett	10
Verbalforslag	11
1. SOS Bjørnafjorden	11
2. Leiarløn	11
3. Tilfluktsrom	11
4. Rettleing frå Tverga	12

Innleiing

Bjørnafjorden kommune har alle føresetnader for å leggja til rette for det gode liv for innbyggjarane. Kommunen ligg sentralt plassert i Vestland – med flott natur, nærleik til sjø og fjell og gode sørivistilbod. Dyktige og dedikerte tilsette legg ned stor innsats for å gje gode tenester til born, unge og eldre. Vi har eit rikt lags- og organisasjonsliv, der bjørnafjordingar i alle aldrar kan utfalda seg.

Så er det likevel slik at ei veksande gruppe unge opplever ein utanforskap. For nokre endar det i psykisk uhelse. Det siste året har ei sjølvordsbølgje rysta Bjørnafjorden – det er djupt tragisk og uhaldbart for oss som lokalsamfunn. Kvar historie er unik, men nokre faktorar utpeikar seg: manglande kjensle av meistring og oppfølging, tilflukt i rus og saknet av nokon som faktisk forstår – og som kan visa ein betre veg vidare.

Som folkevalde må vi ta innover oss at vi ikkje gjer ein god nok jobb for unge, sårbare grupper. Vi må ta rev i segla, og setja handling bak ord. Derfor er styrking av unges psykiske helse den gjennomgåande satsinga i MDG Bjørnafjordens budsjettforslag for 2023. Tidleg oppfølging, trygge nærverande vaksne og nok og tilfredsstillande fagkompetanse på psykisk helse er nøkkelord her. Heile oppvekstfeltet skal skänast for dei tøffaste kutta. Vi veit at tidleg innsats lønar seg i lengda – det er billegare å førebygga enn å reparera.

Kommunedirektøren sitt budsjettframlegg er dyster lesnad. Å ha som mål å vera billegast på drift er snevert og kortsiktig, og vi risikerer å sitta fattigare tilbake. Bjørnafjorden kan bli ein kommune som er god å leva i for alle – uansett livsfase. Då må vi legga lista høgt. Vi bør ha ambisjonar om å bli den kommunen som leverer dei beste tenestene. Innbyggjarar som trivst, utviklar seg og blomstrar gjev i mangfold tilbake. Det er den viktigaste kapitalen ein kommune kan ha.

Overordna tek vi ansvar for å auka inntektene til kommunen ved å innføra eigedomsskatt. Tida er overmoden for dette tiltaket. Vi i MDG kan ikkje godta at tenestetilboden blir rasert samstundes som det finst ei unytta inntektskjelde. Skatten kan innordnast slik at dei som har lite frå før blir verna. Vi har tillit til at innbyggjarane i Bjørnafjorden ønsker å visa solidaritet med svake grupper. Dei som kan betala er villige til det – når alternativet er å skjera til beinet på viktige tenester til born, unge og eldre.

Det er også særskilt viktig for dei som veks opp og kjem etter oss at kommunen tek sitt klimaansvar seriøst. Parisavtalen er ikkje berre eit mål, men også ei forplikting for dei som har ressursar og kompetanse til å gå i front til å faktisk gå i front. Framdrift med klimarekneskap og -budsjett går for sakte i Bjørnafjorden kommune. Alle sektorar må ansvarleggjera.

Oppvekst

I UNICEF sin kommuneanalyse for 2022 kjem Bjørnafjorden på plass nr 251 når det gjeld kvaliteten på sentrale tenester som kommunen leverer til born og unge. Vi er den einaste kommunen i Vestland fylke som hamnar på lista over dei ti med lågast poengsum. Sjølv i tronge økonomiske tider må vi gjera det vi kan for å sikra våre born og unge tilfredsstillande oppveksttilhøve.

Ungdomskonsulent

Det kjem tydeleg fram i tilstandsrapport for skulen, andre tertialrapport 2022 og i kommunedirektøren sitt forslag til budsjett, at talet krevjande elevsaker knytt til åtferd, fråver og samansette vanskår er veksande. Det er viktig at ein får tilsett kvalifisert personale i ungdomskonsulentstillinga snarast slik at nokre av desse ungdommane og familiane som treng kommunen si hjelp alle mest, kan få det.

Kommunepsykolog

Med aukande behov for psykologtenester, både på individ- og systemnivå innan oppvekst, kan vi ikkje redusera bemanninga. Det er viktig at ein snarast får rekruttert inn i denne stillinga, først og fremst for å hjelpe born og unge i særskilt sårbare situasjonar. Det er også viktig for å ivareta fagmiljøet.

Barnevern

Kommunen må løysa fleire barnevernssaker utan bistand utanfrå, men har samstundes eit krevjande lovverk å arbeida etter. Vi beheld kr 600 000 til dette, for å unngå lovbro i dei sakene vi ikkje sjølve har kapasitet til å håndtere.

Vidare beheld vi ressursar til barn plassert i beredskapsheimar og frikjøp av fosterheimar. Vi meiner det ikkje er forsvarleg å gjera desse kutta utan ein konkret plan for korleis vi løyser dette utan å risikera lovbro.

Manglende tiltak Bjørnafjorden 22

Sektoren har ikkje klart å finne eigna tiltak til å kutte i tråd med føringane i Bjørnafjorden 22. Vi tilfører sektoren 6 millionar slik at dette ikkje blir liggande som eit akkumulert kutt inn i økonomiplanperioden.

MOT i skulen

Førebyggande arbeid for god psykisk helse har små kostnader målt opp mot kostnadene ved dårleg psykisk helse i befolkninga. MOT er eit forskingsbasert opplegg for ungdom, med dokumentert verknad. Vi må prioritera å hjelpe unge til sjølve å handtera si psykiske helse, framfor å auka faren for at dei treng hjelp frå helsetenestene i framtida. MOT er eit sentralt bidrag til dette.

Ung arena

Pandemi og skulestreik har synt oss kor viktig sosiale fellesskap er for born og unge. Ung Arena byr på flotte lokale for ungdom, men dei står for mykje tomme. Vi vil auke bemanning i Ung Arena med ein halv stilling for å halde ope fleire vekedagar. Ein bør sjå på om ungdommane sjølve kan få større påverknad og meir ansvar for drifta. Kollektivtilbodet mellom Eikelandsosen og Osøyro er no så godt at Ung Arena kan tiltrekka seg brukarar frå større område av kommunen.

Holdhus barnehage

Vektinga mellom gode barnehagar der folk bur og ein økonomisk forsvarleg barnehagestruktur er krevjande, særleg sidan tilskot til private barnehagar er knytt sterkt til kostnader ved kommunale barnehagar. Ved opning av ny kommunal barnehage i Eikelandsosen får kommunen overskot på ledige barnehageplassar i nærleiken av Holdhus barnehage. Vi legg inn innsparingar i økonomiplanperioden på bakgrunn av utrekningane administrasjonen oversendte i budsjettarbeidet.

Helse og omsorg

Psykisk helse og rus

I mange tilfelle må psykisk uhelse og rusproblematikk sjåast i samanheng. Ofte er det viktig med oppfølging over år. Gode, tilpassa løysingar foredrar kompetanse og tverrfaglegheit og kontinuitet. I tiltakspakke 2 i sektoren meiner vi det er viktig å sikra tenesteomfang og bemanning på Pyskisk helse og rus.

Helsefremming og rehabilitering

Ved sjukdom og andre påkjenningar er det ofte heilt avgjerande med oppfølging innan opptrening og ernæring. Det aukar sjansane for å koma raskt tilbake til eit godt funksjonsnivå. Denne hjelpa er også viktig for trivsel og livskvalitet. Vi må sikra at det finst eit tilfredsstillande rehabiliteringstilbod i kommunen, og kuttar ikkje i tenesta.

Startlån

Å hjelpa vanskelegstilte inn i bustadmarknaden bidreg til betre bumiljø for fleire innbyggjarar. Startlån er ein ressurs vi ikkje tar ut full nytte av, då beløpet vi får lånt ut er avgrensa av kapasiteten vi har på sakshandsaming. Vi ber kommunedirektøren vurdera om fleire ressursar kan nyttast til dette arbeidet innanfor rammene, om fleire familiarer kan støttast til sjølve å ta hand om eigen bustad, eller om dette området må styrkast slik at vi seinare kan sjå at vi treng mindre ressursar til kommunale utleigeboligar.

Samfunnsutvikling

Bemanning

Samfunnsdelen til kommuneplanen synleggjer store ambisjonar for Bjørnafjorden, og tek eit viktig generasjonsperspektiv. Skal vi lukkast med samfunnsutviklinga samstundes som vi bidreg til å løysa natur- og klimakrisa, må vi ha gode, framtidsretta planar som utfyller og forsterker kvarandre. Vi meiner bemanninga i planavdelinga ikkje kan kuttast dersom vi skal nå måla våre for samfunnsutvikling.

Næringssjef

For å styrka lokalt næringsliv og for å auka sysselsetting i kommunen er det viktig at vi har ein tilsett med særskild fokus og kompetane på dette, spesielt i den fasen kommunen går inn i med ny veg og opning av Lyseparken. Vi vil difor behalda stillinga som næringssjef.

Eiendom - drift - vedlikehold

Godt vedlikehald av bygg, anlegg og samferdsel er berekraftig. Det sikrar lang levetid på bygg, materialar og infrastruktur. Satsing på vedlikehald gjev betre økonomi, og kan dessutan bidra positivt i kommunen sin klimarekneskap.

Kultur

Vi set av ein halv million til skapande kulturaktivitetar for born. Lag, organisasjonar og profesjonelle kunstnarar kan søka midlar til prosjekt der profesjonelle kunstnarar skapar kunst i lag med born og unge.

Snarvegar og gangvegar

Det er gjort eit godt arbeid med å kartlegge barnetråkk i kommunen. Denne kunnskapen bør brukast aktivt. Meir bruk av snarvegar vil gje auka mikromobilitet, og er viktig for trivsel og fysisk fostring. Vi foreslår å setta av pengar til å rusta opp dei mest brukte tråkka.

Miljøløftet

Gjennom Miljøløftet blir det arrangert årleg gratis vedlikehald og tilskot til piggdekk. Dette tiltaket når ikkje ut til alle. Miljøpartiet Dei Grøne meiner det er viktig at sykkelvedlikehald blir gjennomført ute på skulane saman med elevar, og ønskjer at kommunen tar dette opp i styringsgruppa i Miljøløftet som tiltak i eigna handlingsplanar.

BUA

Utlånssentral er ikkje ei lovpålagt oppgåve, men eit særskilt tiltak som kan bidra til mindre ressursbruk og betre sosial utjamning. Det er bra at BUA endeleg blir tettare integrert i bibliotekstenestene i kommunen. Vi må gjera tilbodet meir tilgjengeleg. Samtidig er det med tronge kår viktig å reindyrka eit best mogleg kjernetilbod. Difor bør satsinga heilintegrerast og fokuserast i biblioteket i regionssenteret, og kommunen må gjennomføra full digital booking av alt som kan lånast i BUA. Ut over dette er det eit ønske om å sjå på utviding til også å låne ut verktøy. Det er ei kjennsgjerning at mykje verktøy har særskilt brukstimar.

Bølgebrytarar

I lys av kommunen si økonomiske situasjon er det tydeleg at investeringane i forskning og utvikling for å laga bølgebrytarar til hamnebassenget var eit stort og uforsvarleg feiltrinn av Os kommune. Bølgebrytarane har noko effekt, men er langt unna å forsvara investeringa på tett oppunder 40 millionar. I budsjett for 2021 vart det vedteke å utgreia kva alternativ kommunen har for å få ned årlege driftskostnader. Dette har framleis ikkje blitt gjennomført. Årleg kostnad for kommunen er av storleik 1 million i forsikring og vedlikehald pluss 2 millionar i renter og avdrag. I økonomiplanperioden er det truleg pengar å spare på å legga bølgebrytarane brakk på land. Det er framleis ønskeleg å få avdekka om det er mogleg å selga bølgebrytarane for å ta igjen noko av dei tapte utgiftene.

Arealrekneskap

I budsjettet for 2021 vart det vedteke: *Kommunestyret ber Kommunedirektøren om kvart år å ta inn i årsmeldinga ein oversikt over kor mykje dyrka jord som er omdisponert i kommunen siste år.*

I tråd med samfunnsdelen skal ikkje berre rapporterast på omdisponert dyrka jord, men kommunen skal forvalte ein fullverdig arealrekneskap. Dette skal rapporterast i kvar tertialrapport.

Driftsbudsjett

Alle tal i tusen

2023 | 2024 | 2025 | 2026

Kommunedirektøren si innstilling

Premiefond 1/1	265 000	199 299	150 471	108 831
Bruk av fond	-65 701	-48 828	-41 640	-37 233
Premiefond 31/12	199 299	150 471	108 831	71 598

MDG endringar i høve til innstilling

Eigedomsskatt	15 000	52 000	71 000	90 000
---------------	--------	--------	--------	--------

Reverserte kutt oppvekst: -11284

Ungdomskonsulent	-827	-827	-827	-827
Kommunepsykolog	-1 057	-1 057	-1 057	-1 057
Kjøp av private barnevernstenester	-600	-600	-600	-600
Barn plassert i beredskapsheimar	-1 200	-1 200	-1 200	-1 200
Frikjøp av fosterheimar	-1 000	-1 000	-1 000	-1 000
Manglende tiltak B22	-6 000	-6 000	-6 000	-6 000
MOT i skulen	-600	-1 200	-1 200	-1 200

Reverserte kutt Helse: -2100

Psykisk helse og rus	-800	-800	-800	-800
Helsefremming og rehabilitering	-1 300	-1 300	-1 300	-1 300

Reversete kutt Samfunnsutvikling: -3300

Redusert bemanning	-700	-700	-700	-700
Næringsssjef	-800	-800	-800	-800
Eiendom: drift og vedlikehold	-1 800	-1 800	-1 800	-1 800

Nye kostnadjar: -1500

Ung arena utvida opningstid	-500	-500	-500	-500
Driftilskot kunstsamskapning	-500	-500	-500	-500
Rusta opp og halda ved like snarvegar	-500	-200	-200	-200

Nye innsparinger: 6000

Holdhus Barnehage	5 500	5 500	5 500	5 500
Bølggebrytarar	500	1 000	1 000	1 000

Meirbruk: -8000

Styrking av oppvekst	-4 000	-4 000	-4 000	-4 000
Styrking helse	-4 000	-4 000	-4 000	-4 000
Sum endring	-5 184	32 016	51 016	70 016
Resultat	-70 885	-16 812	9 376	32 783
Premiefond 31/12	194 115	177 303	177 303	177 303
Udisponert overskot			9 376	32 783
Endring resultat i høve til innstilling	-5 184	26 832	68 472	105 705
Inntekter innstilling	1 740 000	1 747 000	1 751 000	1 751 000
Alle inntekter	1 755 000	1 799 000	1 822 000	1 841 000
Resultatgrad	-4,04%	-0,93%	0,51%	1,78%

Eigedomsskatt

Bjørnafjorden kommune har kutta mykje. Mange stader for mykje. Det går ut over både innbyggjarar og tilsette, og det er merkbar slitasje i kommunen.

I tillegg til vidare kutt er det foreslått at kommunen skal tappa store delar av fondsreservene som kommunen har utan at økonomiplanen er tilstrekkeleg saldert for sunn drift i åra etter økonomiplanperioden.

Tida er overmoden for dette tiltaket. Miljøpartiet Dei Grøne kan ikkje godta at tenestetilbodet blir rasert samstundes som det finst ei unytta inntektskjelde. Skatten kan og må innordnast slik at dei som har lite frå før blir verna. Vi har tillit til at innbyggjarane i Bjørnafjorden ønsker å visa solidaritet med svake grupper. Dei som kan betala er villige til det – når alternativet er å skjera til beinet på viktige tenester til born, unge og eldre.

Innretting av eigedomsskatten må kommunen detaljera første kvartal, med omsyn til botnfrådrag og andre sosiale faktorar. Det er eit mål at eigedomsskatten i kommunen skal ha sosialt utjamnande effekt.

Investeringsbudsjett

Alle tal i tusen	2023	2024	2025	2026
Kommunedirektøren si innstilling	238 500	170 800	119 000	109 000
Auka IKT Oppvekst	1 000	1 000	1 000	1 000
Kommunetunet Eikelandsosen	-10 000		10 000	
Ny ramme investeringar	229 500	171 800	130 000	110 000

IKT Oppvekst

I kommunedirektøren sitt budsjett er det sett av investeringsmidlar til IKT-utstyr til elevar i grunnskulen. Samstundes rapporterer einingane om stort behov for investering i AV-utstyr i undervisningslokala. Vi aukar derfor investering innan dette området til tre millionar pr år i økonomiperioden slik at infrastrukturen skulane treng for å nytta digitale hjelpemiddel kan skiftast ut etter behov.

Kommunetunet i Eikelandsosen

Det er viktig at kommunen finn gode måter å bruka kommunetunet i Eikelandsosen. Det er klårt at kommunen bør ha publikumstenester der. Samtidig er det viktig å vera trygg på at det er god bruk av ressursar. Dette prosjektet er ikkje tilstrekkeleg forankra politisk og treng betre utgreiing. Difor vert det flytta utover i økonomiplanperioden.

Klimabudsjett

FNs generalsekretær varsla i oktober at politikarane i verda fører oss mot 2,8 gradar global oppvarming. Dette vil medføra katastrofale endringar i klima og det angår alle på kloden, inklusive innbyggjarane i Bjørnafjorden kommune.

Parisavtalen er ikkje berre eit mål, men også ei forplikting for dei som har ressursar og kompetanse til å gå i front til å faktisk gå i front. Alle land er forplikta av Parisavtalen. Målet om å halda global temperaturauke til 1,5 gradar er truleg allereie tapt. Verda går mot massivt brot på Parisavtalen.

Framdrift med klimarekneskap og -budsjett går for sakte i Bjørnafjorden kommune. Etter konkret budsjettvedtak i 2020 og vidare spesifisering i budsjettvedtak i 2021 burde kommunedirektøren lagt meir innsats i temaet.

Det er presentert få tiltak og ingen plan som monnar i tråd med vedtekne nasjonale og lokale mål. Det er ikkje kvantifisering på korkje investering eller drift, og det er ingen sektorforankring.

Alle sektorar må ansvarleggjerast, og kommunen må arbeida i tråd med rettleiaren frå Miljødirektoratet, spesielt at prosessen “*skal vera eigd av kommunedirektøren og leia av finansdirektøren*” (økonomisjefen). Dette er ikkje eit arbeid som kan settast til ein einskild rådgjevar eller eit konsulentbyrå, dette må vera gjennomgåande i heile organisasjonen på lik linje som økonomiske budsjetttrammer.

Grunna så svak framdrift er det naudsynt å legga inn krav om framdriftsrapportering på klimagassutslepp i alle tertialrapportar.

Verbalforslag

1 SOS Bjørnafjorden

Denne ideelle organisasjonen har over fleire år bidrige med verdifull og aukande mengde dugnadsinnsats for å hjelpe dei som er svakare stilte i samfunnet. Forskjellane i samfunnet er aukande, og vi som kommune er takksame for slike aktørar som kan hjelpe direkte “her og no”. Ei av utfordringane som SOS Bjørnafjorden har er lagerplass. Dette kan dei til dømes få i gamle Nore Neset barnehage.

Forslag til vedtak: Kommunestyret ber kommunedirektøren om å vurdera lokale som er i kommunal eige utan å vera i bruk, som kan lånast ut til føremålet.

2 Leiarløn

Bjørnafjorden kommune har til dels særstak høg avlønning av leiarar.

Forslag til vedtak: Kommunestyret vedtek at det skal utarbeidast ein lønnstrategi for å finna og sikra eit meir eigna leiarlønsnivå på sikt.

3 Tilfluktsrom

I lys av tidlegare rapportering av tilfluktsrom er det viktig at kommunen kartlegg status for å sikra at vi er i tråd med lovverket.

Forslag til vedtak: Kommunedirektøren skal utarbeida tilstandsrapport og kostnadsanalyse for å dokumentera kva som skal til få å sikra at dei kommunale tilfluktsromma har kvalitetar i tråd med lovkrav.

4 Rettleing frå Tverga

Eigenorganisert idrett og fysisk aktivitet er i vekst. Nærare 80 prosent av den aktive befolkninga over 15 år driv med «uorganiserte» syslar - anten i form av tradisjonelle idrettar eller meir moderne som street/breakdance, tricking og parkour.

Slik aktivitet er positivt for folkehelsa, i eit berekraftsperspektiv, inkludering og likestilling. I Bjørnafjorden er det eit stort potensial for meir slik eigenorganisert aktivitet. Vi har mykje natur - også nærnatur, det er kome ein del anlegg og parkar for sykling o.a. og BUA kan bidra med utstyr gratis. Den frivillige organisasjonen Tverga hjelper kommunar med å utvikla arenaer for eigenorganisert idrett og fysisk aktivitet heilt gratis. Organisasjonen har kunnskapen, nettverka og verktøya som trengs for å skapa aktive nærmiljø.

Forslag til vedtak: Kommunedirektøren skal oppretta kontakt med Tverga, og be om samarbeid for meir eigenorganisert aktivitet i kommunen.